


# *Dagleg bøn i ei uviss tid*



26.april – 2.mai 2020

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Ein ny søndag utan at vi kan samlast til gudsteneste. Ei ny veke tek til i eit samfunn og i ei verd som framleis er ganske så annleis enn for ikkje så mange vekene sidan. Ingen veit heilt kva dette gjer med oss, verken som einskildmenneske eller som samfunn. Tida framover kjem til å føre med seg viktige val, både knytt til store politiske og økonomiske problemstillingar og til personlege ting.

Vi trur at det midt i alt dette er viktig å finne tid til bøn. Bøna og stillheita er i den kristne tradisjonen ikkje meint å vere ei flukt frå den verda vi lever i og frå det livet vi lever i samfunn med andre menneske. Heller skal dei kristne praksisane, slik som bønestunda, bibellesinga og songen, føre oss nærare og djupare inn i den verkelegheita vi er ein del av. For dette er jo Guds verkelegheit, Guds verd! Det kristne kallet er ikkje flukt frå denne verda, men deltaking, omsorg og engasjement i og for denne verkelegheita, for menneska, for skaparverket. Ei verkelegheit som hører Gud til, som er elska og heldt oppe av Gud.

I bøna opnar vi oss for Gud og det Gud vil gi. Bøna let oss sjå tydelegare både min og andre sin plass i den heilskapen som er elska av Gud. I bøna vender vi livet vårt mot Han som gjev oss alt, mot Han som stod opp, mot Han som alltid er her. Bøna gjev oss kraft og styrke, «fra kilder utenfor oss selv.» Bøna sender oss ut til teneste for andre. Bøna er ei øving i tru, håp og kjærleik!

Lat oss vende oss til Gud i bøn, for oss sjølve, for verda vår- der vi er, men saman.

Prestane i Volda

Matias Austrheim, Kristian Myklebust, Ingrid Finsådal,  
Ingeborg Matre

# **Søndag 26.april – 3.søndag i påsketida**

## **Lystenning og stille**

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## **Innleiing**

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.  
Herre, kom og berg meg.  
Herre, skund deg og frels meg.  
Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## **Bibelsk salme**

Salme 23 frå Salmane

## **Tekstlesing**

Tekst: Evangeliet etter Johannes 10, 11-18

## **Preike** av Matias Austrheim

### **Den gode gjetaren.**

Påsketida har mange sterke fortellingar og bilete av Jesus. Eit av dei sterkeste biletene mange har med seg frå barndommen er fortellinga om Jesus som den gode gjetaren. Bilete av Jesus som ber lammet på skuldrane sine har festa seg på netthinna vår frå søndagsskule, bibelkort, flanellograf og kanskje eit altarbilete i kyrkja.

For nokre år sidan var eg i Roma og besøkte katakombane utanfor byen der tusenvis av kristne søkte tilflukt og enda sitt liv under kristenforfylgjingane. Eit av dei vanlegaste biletene som var rissa inn i gravmonumenta var nettopp Jesus som den gode gjetaren. «Eg er den gode gjetaren, den gode gjetaren set livet til for sauene», sa Jesus. Påskeforteljinga handlar om at det var det som hende. Jesus rømde ikkje unna, han gjekk vegen heilt ut, til korset og døden. Men det enda ikkje der. Dei trudde at Jesus var borte og at alt håp var ute. Men så sto han der påskedagsmorgonen lys levande, han gjekk gjennom død og grav. Jesus var ingen leigekar, nei, han gjekk i front, tok støyten, så han kunne vere den gode gjetaren vår i liv og død. Ikkje berre på eit glanspapir, men i vårt livs tornekratt, i vår mørke natt, i eit liv og ei verd der vondet ting skjer, der ulven herjar og leigekaren rømer. Kor ofte har vi ikkje ved sjukesenga eller på eit dødsleie lese frå salme 23 i Bibelen om Jesus som går med oss gjennom alt: «Herren er min hyrding, eg manglar ingenting, han fører meg til vatn der eg finn kvile og gjev meg ny kraft. Om eg så går i dødsskuggens dal ottast eg ikkje for noko

vondt , for du er med meg» Jesus signerte desse orda med sitt liv og sin død.

Då eg var gutunge hadde vi sauер heime på garden vår på Sandane i Nordfjord. Men eg likte ikkje sauер. Det var så mykje springing og jaging og leiting når dei skulle heim frå fjellet. Berre kav og mas. Men så var av og til bestemor mi med på sauesankinga. Då var alt annleis. Ho lokka og song og kalla på sauene. Og dei kom springande. Dei kjende ho Oleanna. Og ho kjende dei. Alt var så trygt og fint. Eg var berre som ein framand leigekar, ho var den gode gjetaren.

Den gode gjetaren med lammet på skuldrane er for meg eit bilet på gudstrua mi. Det er ikkje eg som fiksar trua eller ber den oppe. Det er Jesus som ber meg og toler meg og leier meg heim. Som Ole Paus syng så fint i Det begynner å bli et liv dette her, det begynner å ligne en bønn.

*Hvem vil ta meg inn til seg, når det blir kaldt, hvem vil si : du er av meg - jeg elsker din sjel gjennom alt.*

*Hvem orker å se meg som den jeg er, og elske meg som en sønn?*

*Det begynner å bli et liv, det begynner å ligne en bønn!*

## **Truvedkjønninga**

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,  
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
før ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
før opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå  
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen og evig liv.  
Amen.

## **Bøn**

Jesus Kristus, gode hyrding,  
du kjenner oss og fører oss på rettferds stigar.  
Vi bed deg:  
Vakt oss mot alle farar  
og leit oss opp når vi går oss vill,  
så vi kan samlast hos deg i ditt evige rike,

du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,  
éin sann Gud frå æve til æve.

Amen

(Dagens bøn for 3.søndag i påsketida)

### **I dag takkar og ber vi spesielt for:**

Om påska sitt lys over heile denne våren

For at Jesus er den gode gjetaren

Kyrkjelydane i Volda, i Noreg og i verda

Konfirmantane våre

### **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnadar.

Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

## **Salme: Norsk salmebok 328 Min hyrding er vår Herre Gud**

**T** 1976 Arve Brunvoll  
**M** 1882 Jessie Seymour  
Irvine

**1** Min hyrding er vår  
Herre Gud,  
og inkje meir eg treng.  
Han gjev meg kraft og  
leier trygt  
til kvild på grøne eng.

**2** På rette stigar leier han  
til ære for sitt namn.  
I mørke dalen er eg trygg,  
mi borg er Herrens famn.

**3** For du er med meg kvar  
ei stund,

om dagsens ljós døyr av.  
Du gjev meg mot, og  
trøyst eg har:  
din eigen kjøpp og stav.

**4** For fiend-auga dukar du  
ditt rike bord for meg.  
Med salva hovud får eg ta  
mitt fylte staup frå deg.

**5** Du gjev meg miskunn  
all min dag,  
alt godt med handa di.  
Og eg får bu i Herrens hus  
i all mi levetid.

T © Arve Brunvoll S © Reproduced by  
permission of Oxford University Press.  
All rights reserved

### **Velsigning:**

Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✝ (Her kan  
du teikne deg med krossteiknet)

# Måndag 27.april

## Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## Bibelsk salme

Salme 96, 1-6 frå Salmane

## Tekstlesing

Tekst: Profeten Esekiel 34, 23-31

## **Bøn**

Herre, la de tunger som har sunget «hellig», aldri tale svik.

La de føtter som har trådt inn i din helligdom, aldri vike fra lysets vei.

(Nr.38 i Bøneboka i Norsk salmebok)

## **I dag ber vi spesielt for:**

Skulane som opnar att, både for borna og for alle som arbeider i skule og barnehage

Alle som arbeider i helsevesenet

Alle som er sjuke

## **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

## Salme

Norsk salmebok 361 Tett ved sida mi går Jesus

**T** 1977 Haldis Reigstad

**M** 1977 Gunstein

Draugedalen

Omkvede

Tett ved sida mi går  
Jesus,  
alltid vil han vera der.  
Eg treng ikkje gå og ottast  
når eg fylgjer Jesus her.

1 Han på vegen vil meg  
vakta  
så eg ikkje går meg vill.  
Å, kor godt det er for  
barnet  
å få høyra Jesus til.

Omkvede

Tett ved sida mi går  
Jesus,  
alltid vil han vera der.  
Eg treng ikkje gå og ottast  
når eg fylgjer Jesus her.

2 Han som er den gode  
hyrding,  
tek mi vesle, veike hand.  
Dag for dag han trufast

leier

meg til himlens lyse land.

Omkvede

Tett ved sida mi går  
Jesus,  
alltid vil han vera der.  
Eg treng ikkje gå og ottast  
når eg fylgjer Jesus her.

3 Tett ved sida mi går  
Jesus,  
å, kor eg er sael og fri  
som kan jubla ut i  
lovsang:  
Eg er hans til evig tid!

Omkvede

Tett ved sida mi går  
Jesus,  
alltid vil han vera der.  
Eg treng ikkje gå og ottast  
når eg fylgjer Jesus her.

T og M © Cantando Musikkforlag AS S  
© Thröstur Eiriksson

## **Velsigning**

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage  
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✝ (Her kan  
du teikne deg med krossteiknet)

# Tysdag 28.april

## Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## Bibelsk salme

Salme 28, 6-9 frå Salmane

## Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Johannes 10, 1-10

## **Bøn**

Gud, du har elska oss først, men vi talar om deg som om du berre hadde elska oss først ein gong i fortida. Men det er ikkje slik. Det er dag for dag, heile livet gjennom at du har elska oss først.

Når vi vaknar om morgonen og vender vår sjel mot deg, kjem du oss i forkjøpet- du har elska oss først.

Dersom eg står opp før daggry og med det same vender mi sjel i bøn til deg, då er du alt der- du har elska meg først. Når eg legg bak meg alt som uroar meg og søker inn i mi sjel for å tenkja på deg, då er du stadig den første.

Forlat oss, Gud. Vi er så lite takksame. Det er ikkje berre éin gong du har elska oss først, det er kvar einaste stund i livet.

(Nr 56 i Bøneboka i Norsk salmebok)

## **I dag ber vi spesielt for:**

Leiarar og folkevalde i verda, Noreg og Volda.

Dei som arbeider for å lindre naud over heile verda

God forvaltning og fordeling av ressursane våre.

## **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldnadar.  
Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt  
og makta og æra i all æve.  
Amen

## Salme

Norsk salmebok 312 Til himlene rekker din miskunnhet,  
Gud

**T** 1845 B.S. Ingemann, Sal 36,6-10

**M** 1852 J.P.E. Hartmann

1 Til himlene rekker din  
miskunnhet, Gud,  
din trofasthet når dine  
skyer;  
din rettferdshånd over  
bergene ut  
er strakt, over daler og  
byer.

2 Som himlenes favn er  
din kjærighet, Gud,  
som havenes dyp dine  
dommer.  
Til frelsen fører du sjelene  
ut  
og skapningens sukk  
ihukommer.

3 Hvor dyrebar er dog din  
miskunnhet, Gud,  
hvor menneskebarnene  
bygger.  
I mulm er  
kjærighetsvinger bredt  
ut,  
vi skjuler oss i deres  
skygger.

4 Du kveger i ørknen den  
törstende sjel,  
du berger den bevende  
due.  
Hos deg er livets, det  
evige vell,

og lys i ditt lys skal vi  
skue.

S © Edition Wilhelm  
Hansen AS

## **Velsigning**

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage  
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✝ (Her kan  
du teikne deg med krossteiknet)

# Onsdag 29.april

## Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## Bibelsk salme

Salme 126 frå Salmane

## Tekstlesing

Tekst: Apostelgjerningane 1, 1-8

## **Bøn**

Jeg vil takke mørket for at du omslutter meg som en svart kappe og lærer meg å elske lyset. Jeg vil takke lidelsen for at du gir meg stunder da jeg ikke kan glemme dem som lider.

Jeg vil takke troen som lar meg se lys, også i det dype mørket.

Og jeg vil takke håpet, som stadig holder meg under armene og ikke gir opp, men bærer meg framover.

Først og fremst vil jeg takke kjærighetens kraft, som fører meg bort fra meg sjølv og får meg til å glemme mitt eget.

Deg, min Gud, vil jeg takke for at du har sendt disse budbærere for å hjelpe meg å bli mer menneske.

Takk for at din nåde er meg nok, og at din barmhjertighet er min glede.

(Nr 101 i Bøneboka i Norsk salmebok)

## **I dag ber vi spesielt for:**

For alle barn og unge

Alle som sørger etter å ha mista nokon

Dei som er forfølgde for si tru rundt om i verda.

## **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldnadar.  
Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt  
og makta og æra i all æve.  
Amen.

## **Salme**

Norsk salmebok 214 Han stod opp før dagen demret

**T** 1988 John Bell, 1988

Graham Maule

**O** 1999 Sven

Aasmundtveit

**M** 1988 John Bell

1 Han sto opp før dagen  
demret;  
dødens dype natt tok  
slutt.

Kristus lever, han har  
seiret;  
dødens mørke makt er  
brutt.

Sol og måne, jord og

himmel,  
dyr og fugler, gress og  
trær,  
alle ser og alle jubler:  
Han er oppstått, Gud er  
her!

2 Han sto opp for dem  
som brakte  
blomster til hans tause  
grav.  
Han sto opp for sine  
venner,  
dem han elsket og holdt  
av.

Graven kunne ikke kneble  
ham som er Guds  
skaperord.

Kristus lever, vi gir  
stemme  
til en sang om håp på  
jord.

3 Han sto opp, hans  
venner fryktet  
jordens mørke, dødens  
natt.

Han sto opp da troen  
sviktet,  
da de trodde seg forlatt.  
Fylt av mismot var vi alle  
til han delte vin og brød.

Kristus lever, vi skal leve,  
det er døden som er død!

4 Han sto opp før dagen  
demret;  
ut av natt brøt lyset fram.  
Kristus lever, han har  
seiret;  
evig lever vi med ham.  
Han er her og han vil  
skape  
liv der natt og mørke bor.  
Kristus lever, vi skal bære  
Herrens seierstegn på  
jord.

© Bibelselskapet

## Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage  
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✝ (Her kan  
du teikne deg med krossteiknet)

# Torsdag 23.april

## Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## Bibelsk salme

Salme 24 frå Salmane

## Tekstlesing

Tekst: Hebrearbrevet 13, 20-21

## Bøn

Gud, i dine hender overlèt eg alle mine urolege tankar,  
alt eg er redd for å ikkje greia, alt utolmod over spørsmål  
som ikkje har fått svar, all irritasjon over menneske som

eg har vanskeleg for å tolka. Eg overlèt meg sjølv nett slik som eg er. Du kjenner meg heilt og fullt. Tal tilgjevingsordet til meg og førebu mitt indre til å ta i mot deg. Lat heile mitt vesen bli til god jord, der kveitekornet kan gro og veksa og mogna til evig liv.

(Bøn nr 139 i bøneboka i Norsk salmebok)

### **I dag ber vi spesielt for:**

Alle som kjenner at livet er vanskeleg

Alle som saknar fellesskap

Bebuarane og dei tilsette på institusjonane i Volda kommune

### **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjев oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnadar.

Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

## Salme

Norsk salmebok 844 No livnar det i lundar

T 1875 Elias Blix

M 1865 Ludvig M.  
Lindeman

1 No livnar det i lundar,  
no lauvast det i li,  
den heile skapning  
stundar  
no fram til sumars tid.

2 Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord  
og etter som eit under  
nytt liv av daude gror.

3 Guds kyrkje lysa skulle  
som høgt på berg ein stad,  
med sumar utan kulde  
og utan solarglad.

4 Guds ord vel alltid lyser,  
den sol gjeng aldri ned.  
Det hus som Anden hyser,  
ligg støtt i ljos og fred.

5 Men stundom kom det  
kulde  
på Herrens kyrkjemark.  
Det var som Gud seg  
dulde,  
og borte var Guds ark.

6 Det var dei mørke  
dagar,  
Guds ord var fåhøyrd  
segn.  
Og hjarta frys og klagar,  
det saknar sol og regn.

7 Så sende Gud sin Ande  
som dogg på turre jord.  
Då vakna liv i lande,  
då grøddest vent Guds  
ord.

8 Då er det sæle tider  
for Kristi kyrkjegrunn.  
Då lauvast det i lier,  
då livnar det i lund.

9 Då ljósnar det i landet  
frå fjell og ned til fjord.  
Då losnar tungebandet,  
då kved Guds folk i kor.

10 Då skin det over  
strender  
som sol ein sumarkveld.  
Då gløder kring i grender  
ein heilag altareld.

11 Du vår med ljose dagar,  
med lengting, liv og song,  
du spår at Gud oss lagar  
ein betre vår ein gong,

12 då me med vigsla  
tunge,  
med kjærleik heil og klår,  
alt utan brest og sprunge  
skal lova Herren vår!

### **Velsigning:**

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage  
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✝ (Her kan  
du teikne deg med krossteiknet)

# Fredag 1.mai

## Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## Bibelsk salme

Salme 139 frå Salmane

## Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Lukas 6, 31-36 (Forteljingstekst:  
Lukas 16, 19-31)

## Bøn

Rettferdige Gud,  
du har kalla oss til å forvalta jorda og elska kvarandre.  
Vi bed deg:

Gje oss vilje til å dela gåvene dine rett.  
Lat arbeidet vårt bli til velsigning for alle menneske,  
så vi saman kan byggja eit samfunn i rettferd, solidaritet  
og fred,  
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,  
som med deg og Den heilage ande lever og råder,  
éin sann Gud frå æve til æve.

Amen

(Dagens bøn for 1.mai)

### **I dag ber vi spesielt for:**

For rettferd i arbeidslivet over heile verda  
For oppreising for alle undertrykte  
For fred mellom menneske av ulik tru og overtyding

### **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldnadar.  
Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt  
og makta og æra i all æve.  
Amen.

## Salme

Norsk Salmebok 729 Kvar er du, Gud?

T 2009 Edvard Hoem

M 2009 Henrik  
Ødegaard

1 Kvar er du, Gud? Kvar finn vi deg?  
Den mørke tid gir ingen ro.  
Kvar vart du av? Du gjekk din veg.  
Kvar finn vårt hjarte kvile no?  
Kvar er din lyse himmelsal  
når sol går ned, når natt fell på?  
Er vegen din blitt altfor smal  
til at vi ser kvar vi skal gå?

2 Da minnest vi hans kjærleiks ord:  
Blant dei forkomne held han hus.  
Han er i natt der bror drep bror,  
i dødens einsemd, vald og rus.  
På flukt, i fengsel og eksil,  
der kvinner gret i spott og skam,  
der håpet sloknar, held

han til.

Der skal hans rike stige fram.

3 Du barn av jorda, født i dag  
til leik og latter, sol og song,  
du fyller sjel og andedrag med blomsterange, gong på gong.  
Men andre sovnar aldri trygt.  
Ein heimlaus saknar nattely.  
Små barn og mødrer går i frykt.  
Ein flyktning frys i framand by.

4 Gå ut med trøyst, skap fred og be  
at himlens rettferd følgjer deg.  
Da skal det store under skje  
der frosten bit, der svolten gneg.  
Da ser du han, i natt og vind!  
Di hand gir ut det liv han gav!

Hans andlet skin, hans  
veg blir din  
når barnegråten stilnar  
av.

T © Edvard Hoem M og S © Henrik  
Ødegaard

## **Velsigning**

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage  
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✝ (Her kan  
du teikne deg med krossteiknet)

# Laurdag 25.april

## Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

## Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,  
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som  
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

## Bibelsk salme

Salme 145 frå Salmane

## Tekstlesing

Tekst: Amos 8, 4-8

## Bøn

Herre, hjelp oss å skape fred ved å gi mennesker det de trenger for å leve, ved å utjevne kløften mellom fattig og rik, ved å løse konflikter utan bruk av vold, ved å verne om ditt skaperverk og ta vare på ditt hellige ord. La

godhet og rettferd velle fram blant oss lik bekker som aldri blir tørre.

(nr.193 frå Bøneboka i Norsk Salmebok)

### **I dag ber vi spesielt for:**

For verda sitt landbruk

Alle som arbeider for freden si sak i verda

Borna i flyktningleirar – og alle menneske som er på flukt

### **Herrens bøn**

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnadar.

Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

## Salme

Norsk salmebok 726 Menneske, du som har kunnskap

**T** 2001 Eyvind Skeie  
**M** 2001 Arne Bendiksen

1 Menneske, du som har  
kunnskap,  
jorden er gitt deg i gave,  
en vev uten sømmer, en  
helhet fra Gud,  
/: riv ikke veven i stykker!  
:/

2 Menneske, bruk dine  
sanser.  
Kjenn hvordan alt bærer  
til deg  
den hellige duften fra  
skapelsens gry.  
/: Alt skal du verne og  
elske. :/

3 Menneske, all denne  
skjønnhet  
eier sin rikdom alene,  
så stans på din grådige  
råvarejakt.  
/: Alt skal forvaltes  
ærbødig. :/

4 Menneske, selv er du  
innfelt  
i denne jordiske orden.  
Du har det du fikk og må  
gi når du går,  
/: alt er et lån og en gave.  
:/

5 Menneske, kjemp for  
det gode,  
slik at rettferdighet seirer,  
for jorden, vår mor, bærer  
nok for enhver.  
/: La ikke fattigdom råde.  
:/

6 Menneske, jorden er  
truet,  
veven blir revet i stykker!  
Menneske, hør gjennom  
alt som er skapt,  
/: kall til et liv i forsoning!  
:/

T © Eyvind Skeie M © Arne  
Bendiksen. Trykkerettigheter adm av  
Norsk Noteservice as, Oslo. S © Ivar  
Jarle Eliassen

## **Velsigning:**

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage  
Andens samfunn vere med oss alle! Amen✚ (Her kan du  
teikne deg med krosssteiknet)



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Volda

Rådhusgata 6a – tlf 70 07 40 90

[volda.kyrkja.no](http://volda.kyrkja.no)